



Sykkylven sokneråd

MØTE I SYKKYLVEN SOKNERÅD 23.03.2021 kl. 19.00 digitalt.

Desse deltok digitalt: May Lisbeth Hovlid Aurdal, Torbjørn Støylen, Therese Kristin Utgård, Simen N. Myklebust og Bjørg Djupvik Grebstad.

Varamedl.: Morten Hjellegjerde, Tor P. Mørkeseth og Marit Helen Akslen

Forfall: Linn Kristin Tårnes

I tillegg deltok Rose Iren Stave under møtet.

Bjørg Djupvik Grebstad las songen «Velsigna band som bind..» og Asbjørn Kvalbein sine tankar om denne songen.

Sak 07/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak : Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 08/21 Godkjenning av referat fra møte i Sykkylven sokneråd 16.02.

Vedtak: Referatet vart godkjent.

Sak 09/21 Gudstenesteordning

Simen gjekk gjennom gangen i gudstenesta.

Soknerådet og soknepresten sitt forslag til «lokal grunnordning for hovedgudstenesta» blir lagt fram for soknemøtet til uttale. Det vart lagt fram tre forskjellige forslag frå soknerådet på punkt 13-Preike: Teksttrekkene. Desse forslaga blir lagt fram på eit soknemøte når smittesituasjonen tillet det.

Etter soknemøtet skal soknerådet godkjenne ordninga og sende dette inn til godkjenning.

Sak 10/21 Annonsering av soknemøte

Soknerådet gir AU i oppdrag å lage annonse for eit soknemøte. I samråd med prosten er soknemøtet utsett til smittesituasjonen er avklart og møtet kan haldast. Til handsaming på møtet er: «Justert ordning for hovedgudstenestene i soknet», økonomi og årsmøtesaker.

Etter soknemøtet må soknerådet samlast for å godkjenne gudsteneste-ordninga. Den blir då sendt inn til godkjenning til biskopen.

Sak 11/21 Datoplan

Plan for komande soknerådsmøte blir 27.april og 1.juni.